

KULTURSKOLELØFTET – HØYRINGSUTTALE FRÅ MFO, FJELL KOMMUNE

Kap. 2. Utdypende drøfting av mandatet

Merknader:

For å få til disse tingene trenger vi kvalifiserte/yrkeserfarne lærere (med muligheter for videreutvikling/kursing). Derfor må de riktige økonomiske rammene være på plass.

Kap. 4 Oversikt over kulturtilbod for barn 6-10 år, og mellom eldre barn og unge.

4.3. Kulturskulen.

Ca. 16% av norske barn og unge er elever i kulturskulen. Den mest vanlege aldersgruppa er mellom 4 og 19 år. Fagtilbod er musikk, visuelle kunstoffag/kunst og handverk (inkl. film/video/media), teater/drama, dans, skrivekunst/litteratur og nysirkus.

Kulturskulen har ikkje nasjonale fagplanar. Det er derfor viktig korleis undervisninga blir organisert, og kva krav som blir stilt til lærarar og elevar.

Musikk: For dårleg undervisningstilbod i musikkformer som ikkje er etnisk norske.

Visuelle kunstoffag: Fleire kulturskular bør gi tilbod i film/video/media.

Teater/drama: Mange kulturskular har ikkje gode nok undervisningsrom.

Dans: Vanskeleg å få kvalifiserte lærarar i alle kommunar, spesielt i klassisk ballett. Det er ofte vanskeleg å finne gode dansesalar. **Mange kulturskular manglar tilbod i folkedans.**

Skrivekunst/litteratur: Få kulturskular har dette tilbodet (6%).

Nysirkus: 3% av totaltilbodet.

Samarbeid.

Fritidskulturlivet – t.d. kor, korps, orkester og teater. Utgiftene blir delt mellom kommunen og det aktuelle tilbodet.

Skular - kulturskulelærarar har ofte kombinerte stillingar kulturskule/grunnskule. Pga. mangel på kvalifiserte lærarar i estetiske fag er kulturskulelærarar ofte med som fagressursar i grunnskulen. Der det er godt samarbeid kan elevane få undervisning i skuletida. Nokre kulturskular har og samarbeid med vidaregåande skular.

Den kulturelle skulesekken-mange kulturskular har ansvar for eller har eit godt samarbeid med DKS i kommunane.

SFO-undervisningstilbod i samarbeid med SFO.

Barnehagar - mange kulturskular har eit godt samarbeid med barnehagar. Mange foreldre ynskjer ikkje å betale ekstra for eit kulturtilbod, og samarbeidet er derfor avhengig av at barnehagen og kulturskulen kan dele utgiftene.

Andre – t.d. ungdomsklubbar, helsestasjonar, kyrkja, organisasjonar, innvandarmiljø og høgskular.

Talentsatsing i musikk, dans, teater og visuell kunst.

Kap. 6 Forslag til utviklingsoppgaver

Merknad: Mange flotte vyer i dette kap.

Nye og store krav til musikkskulelærarane. Vi skal undervise grupper i SFO, skular og

barnehagar. Då må utdanninga til kulturskulelærarane endrast. Det er fare for at spesialiserte lærarar innan kulturfag (musikk, biletkunst, dans m.m.) i kombinerte stillingar fell utafor. Dei er ikkje kvalifiserte for undervisning i vanlege skulefag, barnehagar m.m. Me ser ikkje dette som noko heving av kunst og kulturtilbodet i kulturskulane, snarare tvert om.

Kap. 7 Lovgrunnlag, budsjetter og andre føringer for kulturskolens utvikling.

7. 3 Merknad: Rapporten held fast på 30% regelen som einaste verkemiddel mot ”kulturskular” som er svært små i forhold til antal grunnskuleelevar, men det er eit spørsmål om ein ikkje også bør vurderer ei minstegrense for stillingsprosent i høve til antal grunnskuleelevar. Med berre ei prosentgrense kan storgruppeundervisning i grunnskule og SFO nyttast til å behalda altfor små kulturskular og likevel i alle fall nærma seg 30% regelen.

7. 4 Forslag til endring av struktur og rammer for kulturskolevirksomheten

Her er det føreslege tiltak som:

- Minsker og fjerner ventelistene
- Innfører et maksimumsbeløp for skolepenger
- Etablerer ordninger som kvalitetssikrer tilbudene i kulturskolen

Merknad: Ein er vel stort sett ikkje ueinige i dette, men det bør vurderast om ein i kulepkt. 1 ikkje bør fjerna ordet ”fjerner”. All erfaring tilseier at det i løpet av eit skuleår forsvinn ein del elevar ut av kulturskulen, og dersom ein i det heile ikkje har ventelister, så har ein heller ikkje elevar å fylla opp desse plassane med. Desse ventelistene bør ikkje vera store, men heller ikkje så små at lærarar ikkje får fylt opp stillingane sine. Resultatet av dette kan i verste fall vera at ein del kommunar lar stillingsprosentane i kulturskulen vera ”flytande”, og reduserer stillingane ned i høve til elevtalet den einskilde lærar har.

8. Evaluering av modeller, tiltak og støtteordninger

Merknader: Her er det ingen eigne merknader.

Samanfatta merknader:

Poeng vedr. kulturskoleløftet.

Mange kulturskulelærarar ynskjer praktisk fagrelaterte arbeidsoppgåver. Klasseromsundervisning med teoretisk vinkla faginnhald trur me få ynskjer å arbeida med. For mange er det jamvel ein «skrekksituasjon» å tenkja arbeidet sitt skulle bli meir slik innretta.

Kulturskulelærarar ynskjer å bruka dei utøvande ferdigheitane sine og/eller jobba med instrumentalaktiverande undervisning. Gruppeaktiviteter som samspel, instrumentalopplæring, kanskje prosjektarbeid i retning av små eller større oppsetjingar der kulturskulelæraren kan koma inn med si ekspertise trur me kan vera meir tiltalende vyrke.

Kulturskulelæraren kan også få nytta dei utøvande eigenskapane sine gjennom leggja opp skulekonsertar. Skulekonsertar både på Sfo og grunnskuleplan med kombinasjonen pedagogisk vinkling musikkutøving er etter mi meining ein god idé.

Det er etter vår meing alt for lite vektlegging på og ivaretaking av kulturskulelæraren som musikar. Dette bør vi søkja å få gjort noko med. Kulturskulelæraren vil få ein heilt anna motivasjon når desse eigenskapane vert vektlagt meir.

Det vinklast heile tida i dette dokumentet at Sfo/grunnskulen. Kulturskulen skal få til betre samarbeid. Kulturskulelæraren har mykje å medverka med musikalsk og utøvande, fokusering på desse eigenskapane meiner eg er vil styrka undervisninga, skapa motivasjon både blant elevar og lærar.

Det har vore ein lei tendens til i nokre krinsar ikkje å vektleggja det utøvande, nesten underkjenna denne eigenskapen. Det vil vera å underminera heile yrket og idéen om kulturskulen som ein skule for utøving, dette må ikkje få skje og dette treng det meir byråkratisk virkande arbeidet å verta gjort merksam på.